



Vi ynskjer å invitera deg til

Konfirmasjon 2018



Bryne
Kyrkja



KONFIRMASJON – NOKO FOR DEG?

Enten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig, er du velkommen til konfirmasjon i kyrkja. I konfirmasjonstida får du læra meir om deg sjølv og Gud. Du får anledning til å utforska nokre av dei mange spørsmåla i livet saman med andre. Vi snakkar om livet – på godt og vondt, om kjærleik og om Gud.

Bli med på ei spennande reise fram til den høgtidelege konfirmasjonsdagen!

OPPLEGG 1 – KVELDSKONFIRMANT

Samlingar onsdagar kl 18.30-20.30

Annakvar onsdag kl 18.30-20.30 er det samlingar med undervisning i Bryne kyrkje.

Samlingane startar med mat, har felles undervisning, samtaleopplegg/aktivitetar i små-grupper og felles andakt. Konfirmantane blir inviterte med i det kristne ungdomsarbeidet i Ungkyrkja (Bryne kyrkje) og Bedehuskirken (Saron).

Konfirmantane vel delar av opplegget sjølv. Då blir det blant anna mulegheit for å reisa på weekend, delta i det kristne ungdomsarbeidet, vera assistent for klokkaren eller hjelpeleiar i trusopplæringstiltak for barn (t.d. dåpsskule for 1. trinn).

OPPLEGG 2 – LEIRKONFIRMANT

Leirkonfirmant – Loved konfcamp 24-28. mars 2018

Aktivitetsleir til Etne første halvdel av påskeferien og samlingar nokre tysdagar kl 13.00-15.00 i Bryne kyrkje. Sjå eiga brosjyre.

OPPLEGG 3 – TILPASSA OPPLEGG-KONFIRMANT

Tilpassa opplegg

For konfirmantar med særskilte behov. Opplegget blir laga etter behova til den einskilde konfirmant.

FELLES FOR ALLE TRE OPPLEGGA

Tema i undervisninga

Vi blir kjende med Jesus og tek opp sentrale spørsmål som tru, tvil, kven eg er, kjærleik og seksualitet, bibel og bøn, døden, gudstenesta og rett og galt. Undervisninga er variert og spennande. Happenings og pengeinnsamling i løpet av året er felles.

Gudstenester

Konfirmantane blir kjende med gudstenestelivet gjennom åtte gudstenester (konfirmasjonsdagen er ein av dei), og deltek med oppgåver i ei av desse.

MEIR INFORMASJON!

Les meir om konfirmasjon
i Den norske kyrkje på
www.konfirmasjon.no



Les meir om konfirmasjons-
opplegget i Brynekyrkja på
www.brynekyrkja.no/konfirmant





KONTINGENT

Konfirmantkontingenten er på kr 750,- for kveld- og tilpassa opplegg-konfirmantane. Leirkonfirmantane betalar kr 3500,- der leiren er inkludert. Frivillig weekend er ikkje inkludert i noko beløp. Ver venleg å nytta vedlagde giro, og merk med konfirmanten sitt namn.

INNSKRIVING

Du blir innskriven som konfirmant når du går inn på heimesida vår www.time-kyrkja.no og melder deg inn som konfirmant på «Konfirmant 2018». Meir info og link til påmelding finn du og på www.brynekyrkja.no/konfirmant

Innskrivinga opnar 18. mai kl 12.00 - Du vel opplegg og konfirmasjonstidspunkt i påmeldingga. Påmeldingsfrist 15. juni. Blir det fullt på opplegg/konfirmasjonstidspunkt får konfirmantane plass etter påmeldingstidspunkt gjort via nettsida.

KONFIRMASJONAR 2018

Laurdag 28. april kl 11.00 og kl 13.00 | Bryne kyrkje

Sundag 29. april kl.11.00 | Bryne kyrkje

Sundag 6. mai kl 10.30 og kl 12.30 | Bryne kyrkje

Torsdag 10. mai kl 10.30 og kl 12.30 | Time kyrkje
(Kristi himmelfartsdag)

Sundag 13. mai kl 10.30 | Undheim kyrkje

VELKOMMEN

Velkommen til å vera med på ei spennande reise som konfirmant. Vi ynskjer å gje deg eit annleis år, eit utfordrande år, eit år fullt av kjekke opplevingar – eit år som du aldri kjem til å gløyma.

Dette brevet er sendt ut etter medlemsregisterert til Den norske kyrkje. Det går til alle døypte medlemmer fødte i 2003, og til ikkje-døypte fødte i 2003 der minst ein av foreldra er medlem. Sjå også brosjyre utgitt av Kyrkjerådet og bispedøma.

LURER DU PÅ NOKO?

Ta kontakt med kateket Ingfrid Time Nærland på Time kyrkjekontor, tlf 51 77 03 77, mobil 401 67 222 eller kateket@time-kyrkja.no

